



Samlivs- og likestillingsavdelinga  
Barne-, likestillings- og inkluderingsdep.  
Postboks 8036 Dep.  
0030 OSLO

Deres ref.  
12/6734

Vår ref / Saksbehandler  
12/6393-2 F40 &13  
Ingrid Buset / tlf. 23064111

Dato:  
28.11.2012

## HØRINGSSVAR - FORSLAG TIL ENDRINGER I LOV 8. APRIL NR. 7 OM BARN OG FORELDRE (BARNELOVA) MV. FOR Å GI BARN BETRE VERN MOT VOLD OG OVERGREP

Fagforbundet vil svare på høyring om forslag til endring av barnelova for å gi barn betre beskyttelse mot vold og overgrep. Vi synes at høyringsnotatet inneholder gode forslag og vil i hovudsak støtte forslaga, men ber om ytterlegare utgreiing av spørsmålet om sivile krav. Vi vil minne om at det i desse lovendringane, som andre endringar innan feltet er viktig å avverje auka byråkrati eller forlenga saksbehandlingstid. Ventetid og uavklarte omsorgssituasjoner er ei belastning og tidvis traume for sårbare born og unge.

Fagforbundet har registrert at delar av forslaga i høyringsnotatet har skapt reaksjonar. Vi tenker då særleg på forslaget som omhandlar bustadforelder sin rett til å nekte samvær ved reell frykt for at barnet blir utsett for vold og seksuelle overgrep. Eit viktig perspektiv i høyringsnotatet, som synes å vere underkommunisert i debatten i media er at dette handlar om ein tydeleggjering av eksisterande rett og plikt. Som departementet påpeikar i notatet har foreldra eit ansvar for å beskytte barnet mot vold eller overgrep, og kan og skal allereie i dag nekte samvær dersom han eller ho har ein reel frykt for at barnet skal bli utsett for vold og overgrep frå samværsforelderen. Departementet føreslår ei presisering av forelderens ansvar for og rett til å beskytte barnet sitt, og det støttar vi. Det er også positivt med presisering av at samværsnekt på bakgrunn av reell frykt for barnets tryggleik ikkje må få negative konsekvensar i den seinare rettsbehandlinga. Ansvaret for barnets tryggleik må vere overordna ansvaret for å legge til rette for samvær når desse omsyna kjem i konflikt, og dette meiner vi blir tydeleggjort gjennom forslaga. Vi forstår at dette kan medføre vanskelege og krevjande situasjoner og vurderingar for foreldre, barnevern og domstolar, men samtidig er vi einige i departementets forståing av at dette eigentleg er presisering av gjeldande praksis og intensjon i lova. Vi vil også be om at departementet vurderer korleis ein kan forhindre at denne retten blir misbrukt og slik fører til eit auka konfliktnivå. Vi er særleg bekymra fordi våre medlemmer melder om eit aukande tal skilsisser med høgt konfliktnivå.

I forhold til saker med høgt konfliktnivå vil vi trekke fram eit problem som ikkje er uttalt i høyningsnotatet. Medlem av Raundalen-utvalet Stig Åkenes Johnsen har vore med å sette lys på at det er problematisk at ein bustadsforelder kan bli alvorleg økonomisk skadelidande dersom den andre forelderen har rett på fri rettshjelp til rettssaker om omsorgsansvar eller samvær. Dette kan medføre lange og gjentekne rettsprosessar som kan tappe den arbeidande forelderen med omsorgsansvaret for økonomisk ressursar gjennom utgifter til advokat. Fagforbundet oppmodar om at departementet søker å finne verkemiddel som kan utlikne det utilsikta skeive maktforholdet som oppstår i denne type saker. Vi vil også oppmode ein generell gjennomgang av ordninga for fri rettshjelp etter barnelova.

Departementet føreslår at retten pliktar å treffe midlertidig avgjersle der ein av partane krev det og det er reell risiko for vold eller overgrep mot barnet. Dette er for så vidt ein ordning som våre medlemmer opplever fungerer greitt i dag, men vi har ikkje motførrestillingar mot dette forslaget. I dag går det ofte for lang tid før retten i det heile vurderer om kravet om midlertidig avgjersle skal behandlast eller ikkje. Der det etter lovforslaget oppstår en plikt til å behandle eit krav om midlertidig avgjersle, dvs. ved risiko for vold eller overgrep, er det særleg viktig at rettens avgjersle blir fatta så raskt som mogeleg. Det er derfor nødvendig og viktig at det ligg til grunn gode og gjennomtenkte fristar når retten må ta stilling til eit reist krav om midlertidig avgjersle.

Som departementet viser, finst det gode argument både for og imot å gi barnevernet ein formell posisjon som partshjelpar i barnelovssaker. Vi synes samtidig at det mest tungtvegande argumentet blir at barnevernet som partshjelpar i nokre tilfeller kan vere eit godt alternativ til eit midlertidig akuttvedtak. Dette vil vere eit alternativ i tilfeller der bustadforelder er ein god nok omsorgsperson for barnet sitt, men manglar ressursar til å fremme sak for domstolen eller treng støtte og hjelp til å fremme sak på grunn av frykt for samværsforelder. Fagforbundet er positive til å gi barnevernet ei slik rolle. Vi vil presisere at barnevernet ikkje må bli automatisk forplikta til å opptre som parthjelpar som følgje av at den har anbefalt ein forelder å reise sak, men at dette er ein mogelegheit når barnevernet meiner at det er nødvendig. Automatikk i ei slik ordning kan føre til unødvendig byråkratisering og ressursbruk. Det er også viktig å styrke og tydeleggjere tilgrensande tenesters ansvar, som familievernet.

Mangelen på høyring av barn under 7 år og at barn ikkje blir hørt på alle spørsmål er ein fare for barnets rettsryggleik og forlik og avgjersler som ikkje er til barnets beste. Fagforbundet vil støtte departementets forslag om å presisere i barnelova at også born under sju år som er i stand til å danne seg eigne synspunkt skal få høve til å uttale seg før det blir gjort avgjersler om personlege forhold for barnet og at barnet skal få sei si meining om alle relevante spørsmål saka reiser. Tilstrekkeleg og relevant informasjon er som departementet påpeiker føresetnader for at barnet skal kunne delta, danne seg meiningar og uttrykke dei og slik få reell og opplevd medverking. Det er også positivt at ein søker å betre borns høve til medverknad under mekling. Fagforbundet er positive departementets forslag om å lovfeste at barn skal informerast om resultatet av saka og at dommaren får ansvaret for at dette skjer.

Fagforbundet vil støtte forslaget om å gi dommarar rett og plikt til å melde frå til barnevernet om bekymringsverdige forhold dei får kjennskap til under behandling av ei sak for domstolane, utan å vere bunde av teieplikta. Etter vårt syn vil dette auke bornas rettstryggleik og forenkle dagens praksis og tydeleggjere dommaranes ansvar.

Vi har ikkje spesifikke kommentarar til gjennomgangen av økonomiske og administrative konsekvensar, med unntak av at vi vil påpeike at det må bli teke høgde for auka kostnader til meirarbeid dersom barnevernet får rolle som partshjelper.

Med helsing  
FAGFORBUNDET  
Utredningsenheten

Jan-Tore Strandås  
(sign)  
fagleiar

Ingrid Buset  
(sign)  
rådgivar

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Fagforbundet og har derfor ingen signatur.*